

MELDING  
om  
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR  
i  
ROGALAND  
1930

Namnet på vatnet

Salselvatnet

Kommune .....

Time

Markarbeidet, arbeid med materialet og skriving av meldinga er utført av Rogaland Skogselskap v/ Einar Berg etter retningsliner frå, og i nært samarbeid med, Konsulenten for ferskvannsfiske i Vest-Norge - Øyvind Vasshaug.

## S A L V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 12. august 1980.

Vatnet ligg i Time kommune, og grensar i nord for ein del etter riksveg 477, mellom Bryne og Ålgård.

Arealet er omlag 40 ha. og h.o.h. 76 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men det er jamt over eit noko grunt vatn, der største djup neppe er over omlag 6-8 m.

Stranda består for det meste av kultivert mark og det er gjørbodn over det heile.

### Vegetasjon og nedslagsfelt.

Nedslagsfeltet består stort sett av kultivert mark rundt heile vatnet.

Vegetasjonen i strandsona er frodig og ein vil finna vannliljer, flotgras, tjønnaks, snelle, siv- og algevegetasjon frå strandkanten og ut mot djupet.

Hovudtilsaget fell inn i nord-aust og kjem frå Åsvatnet. Forutan dette fell det inn nokre mindre bekketilsig.

Avlaupet renn ut i sør og går til Håelva.

### Dei kjemiske tilheva.

Siktedjupet er 2.0 m og fargen på vatnet brunleg-gul som indikerar påverknad av humus (myr).

Surheita pH er målt til 7.0 (nøytralt vatn) og som er mykje godt for ferskvassfisk.

Kalkinnhaldet (Ca/l) er målt til 11.25 mg/l og den totale hardheita (CaO/l) til 18.25 mg/l. Vatnet har såleis ei god bufferemne og pH stabil gjennom året.

Elektrisk leiingsemne uS/cm = 98.3.

Gjennomstrøyminga er liten.

### Botnprøver.

Det vart teke ein botnprøve på 4.0 m djup og resultatet var 17 fåbørstemark og 19 fjærmygglarver - tilsaman 360 individ pr. m<sup>2</sup>.

### Mageprøver.

For å få greie på kva fisken egentleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foreteken, tok vi mageprøver av 4 fiskar. Her vart det funne fjærmygglarver, fjærmyggpupper, buksvømmere, sneglar, fåbørstemark og div. luftinsekter. Ein ganske allsidig meny.

### Planktonprøver.


Det vart teke eit horisontaltrekk på ca 50 m, med planktonhov, og resultatet var ein relativt rik prøve av dyre- og planteplankton.

### Fisk m.v.


Fylgjande fiskeslag vil ein finna i vatnet: Ferskvassaure, sik, stingsild, regnbueaure og ål.

Det vart sett ut 5 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 45 aurar, 18 sik og 1 regnbueaure.

Fordeler vi heile fangsten på garn-omfara får vi denné grafiske framsyninga.



Set vi opp grafiske framsyningar av auren og siken fordelt på cm-klassar vil desse sjå slik ut.



Det vart teke prøver av 26 aurar og av desse var 22 rederede 4 lys-rede i kjøttfargen.

Vidare var det 11 hanfiskar og 15 hofiskar.

13 av fiskane var angripne av parasittar.

9 fiskar var gytetisk - resten gjeldfisk.

Medelvekta av prøvefiskane var 254.6 gram.

Ser vi på medellengda, og den årlege lengdetilveksten av prøvefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

	Alder ved vinter					
	1år	2år	3år	4år	5år	6år
Medellengde i cm	4.9	9.6	16.0	22.6	25.9	29.9
Årleg lengdetilvekst i cm	4.9	4.7	6.4	6.6	3.3	4.0
Antall fiskar	26	26	26	26	22	7

Kalkinnhaldet er også stort i høve til andre analyserte vatn og botnprøver, saman med planktonprøver og mageprøver, syner det er bra med næringsdyr i vatnet.

Fiskeprøven syner fisk av ymse årgangar og storleikar. K-faktor og vekstkurve er gode.

Som kjent spelar nedslagsfeltet ei avgjerande rolle når det gjeld næringsdyrproduksjon, og fylgjeleg fiskeproduksjon, i eit vatn.

Består dette av kultivert mark, vil alltid tilsiga herfrå føre verdfulle næringsstoff med seg og som vil koma vatnet til gode.

Dette vil gi seg utslag i ein frodig vegetasjon i og omkring vatna, og gi gode vilkår for alger og anna plankton som er sjølve næringsgrunnlaget.

Nedslagsfeltet for Salvatnet er bra i så måte og det rike næringsforrådet, saman med god vasskvalitet, skuldast nettopp gjødseltilsig frå dyrka mark.

Fåren med vatn av dette slaget er overgjødsling og forureining. Då vatnet er grunt, og gjennomstrøyminga liten, kan det ein kallar for "vinterdød" inntreffa. Fisken vil gå til grunne fordi oksygeninnhaldet kan bli for lite. Årsaka er at snø og is isolerar for ljøset og set ned plantene si assimilasjonsemne. Når plantene så åndar, bruker dei mykje av oksygenen som finns oppløyst i vatnet, og dermed kan det bli for lite oksygen for fisken.

Slike ting kan også inntreffa om sumaren. Ein tørr og varm sumar, med blikkstilte ver og minimale tilsig, vil redusere oksygeninnhaldet i vatnet. Om tilsigsbekkene på toppen av dette skulle føre med seg oksygenforbrukande stoff, kan det føre til ein for stor organisk belastning med den fylgje at surstoffmengda sykk under den kritiske grensa for fisken. Vi berre nemner dette og kan tilføya at der er sjeldan slik "fiskedød" inntreff på våre kantar.

Fiskeprøven synte det er bra med både aure og sik i Salvatnet. Ein stor del av fisken var angripne av parasittar (måkemark) og det vil som regel alltid vera tilfelle i vatn kor det er stingsild. Denne er mellomvert for måkemarken.

#### Praktiske tiltak.

Vi vil tilrå at grunneigarane til Salvatnet går saman og skipar til eit grunneigarlag, då eit lag alltid vil stå sterkare enn den einskilte grunneigaren om eit eller anna skulle stå på.

Straks grunneigarlaget er etablert, må ein gå i gang med sal av fiskekort for sportsfiske (stangfiske) medan grunneigarane sjølve har eineretten til garnfisket.

Under prøvofisket vårt vart det fanga 1 regnbueaure og som sjølv-  
sagt har vorte sett ut. Slik utsetjing har lite for seg og det er  
heller ikkje tillete etter norsk lov å setje ut andre fiskeslag i  
eit vatn enn dei fiskeslaga der er frå før av.

For å redusere parasittangrep av måkemark, må ein alltid grave ned  
fiskeslo og anna fiskeavfall, slik at ikkje måken får tak i dette.  
Som nemnt er Salvatnet eit næringsrikt vatn, og reknar vi med ei  
avkasting på ca. 10,0 kg pr. ha., skulle ein årleg kunna ta ut  
ca. 400 kg. fisk, utan å skatte vatnet for hardt.

Det er viktig å gå over alle bekketilsiga ein gong innimellom, og  
sjå til at desse er gode for fiskeoppgang, då det er her at auren  
formerar seg.

Elles er Salvatnet eit ypperlig fiskevatn som ligg lageleg til for  
sportsfiske og mange er sikkert dei som vil prøve fiskelukka si  
nettopp i dette vatnet.

Stavanger 2. april 1981

Einar Berg